



MØTEBOK

Møte: 1-2017
Møtedato: Onsdag 15.02.2017
Møtestad: Kantina Rådhuset
Tid: 19.30

Desse møtte:

Roald Stautland, Asbjørn Gundersen, Olava Gilje Nord (vara for Sammy Olsen), Trygve Totland, Berit Hallaråker, Mona Ingvaldsen Hodne, Per Harald Gjerde (2. vara for Elin Taranger), Solfrid Lønning, Elisabeth Bjørnevik og Trygve Leigland.

Før møtet var det fellesmøte mellom fellesråd og tilsette.
Tema var «Den norske kyrkje som eige rettssubjekt».

Roald Stautland leia møtet.

Innkalling og sakliste vart godkjend.

2017-01-01 GODKJENNING AV MØTEBOK

Møtebok 6 – 2016 vart godkjent.

2017-01-02 MELDINGAR OG SKRIV

1. Informasjon om framgangen med Vipps i kyrkjene.
 - Vart drøfta om forskjellig praksis med bruk av 10% av kollekten til kyrkjelydsarbeidet.
 - 2,5% av vipps gåva forsvinn i gebyr og det var einigheit om at disse 2,5% skulle takast av 10% stil eige kyrkjelydsarbeid.
2. Gjevartenesta
Diakonstillinga er basert på offer og privat gjevarteneste. I 2016 vart det gitt kr 87 700 i gåver frå privatpersonar. I tillegg kjem kr 200.000 frå sokneråda, 80.500 frå næringslivet og 91.000 frå kommunen. Privatpersonar og bedrifter får skattefritak for gåver til dette føremålet.
3. Utbetringa av strekninga Tjong – Løvegapet med oppstart veke 6.
 - Viktig og halda kontakten for å fremja ynskjer knytt til den gamle gravplassen på Vika.
4. Konfirmanttur med Statsraad Lehmkuhl anslått til å verta ca. 30 000 dyrare i år enn i fjor grunna tur/retur Bergen. Vert ikkje transportetappe i motsetning til tidlegare år.
 - Dersom dette ikkje kan løysast innanfor noverande ramme. Må ein ha ein ha eit saksframlegg på dette.

5. Tilskot til bedehuset på Espevær. Betalt på etterskot. Betalt i 2015 for 2014. Ikkje betalt noko i 2016.
Spørsmålet er om ein skal fortsette å gi tilskot på etterskot, eller om ein skal komme ajour å betale for dei tre siste åra no (inkl. året i år)?
- Dersom endringar på dette, må dette også i såfall komme som eiga sak.

Punkt 6, 7 og 8 vart tilført i møtet.

6. Info om Sakseid – Hesteneset
- BKF har spelt inn til kommunen eit innlegg om parkeringsplass på motsett side av vegen for Lykling kyrkje.
 - Vegvesenet vil etter kvart komme i dialog med BKF.
7. Skriv frå Moster sokneråd om likekjønna vigsel.
- Dette er noko fellesrådet ikkje tek stilling til.
8. På utlyst sekretærstilling er det komme 35 søknadar.

2017-01-03 STILLINGSHEIMEL FOR SEKRETÆRSTILLING

Grunnlag knytt til ny stillingsheimel for sekretærstilling vart lagt fram gjennom sakspapira og forslag til vedtak vart vedteke med ei lita ordlydsending.

Vedteke:

- 1. Med bakgrunn i budsjett og personalsituasjon, vedtek fellesrådet ny, mellombels stillingsheimel for ekstra sekretærstilling i 50 – 60%*
- 2. Sekretær vert stedfortredar til kyrkjeverje.*

2017-01-04 REKNESKAP 2016

Fellessrådet vedtok forslag til vedtak med føresetnad av godkjenning frå revisor.

Vedteke:

- 1. Bømlo kyrkjelege fellesråd godkjenner foreløpig årsrekneskap for 2016.*
- 2. Driftsrekneskapen for 2016 vert avslutta i balanse. Tidlegare års overskot på kr 269 166 er, saman med årsoverskot på 44 848 sett av på disponible fond. 4 805 er korrigert på bundne fond, gravstell.*
- 3. Det er udisponerte midlar til investeringar på kr 474 574*

Det vart også drøfta litt om praksisen rundt kasserargodtgjersle i sokneråda, og opplæring av kasserarane i forhold til kontoplan m.m.

Roald Stautland
leiar

Trygve Leigland
kyrkjeverje